

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 24.05.2018**

**Geir Kjell Andersland (V)** sette fram slikt forslag:

«I forslag til vedtak punkt 3: 2. setning vedrørende kroneverdi m.m. sløyfes.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 1 og 2 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.  
Andersland sitt forslag punkt 3 fekk 1 røyst (V) og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 3 vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet mot 6 røyster (H, Frp, V).  
Fylkesrådmannen sitt forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Avsetting på kr 5 millionar i budsjettet for 2018 til lokale for Carte Blanche vert nytta til Sentralbadet scenekunsthus.
2. Med etterhald om dekning i det enkelte årsbudsjett gjev Hordaland fylkeskommune tilsegn om løyving av ytterlegare kr 100 millionar fordelte på 20 år frå og med 2019. Fylkesrådmannen må koma attende til dette i budsjettframlegget for 2019.
3. Det skal stillast vilkår om at bruk og føremål ikkje vert endra. Tilskotet står fast og skal ikkje aukast for endringar i kroneverdi, prosjektkostnader og innhald. Dersom investeringeskostnadene vert lågare, kan tilskotet bli redusert.
4. Fylkestinget føreset at Hordaland fylkeskommune sitt tilskot til tiltaket vert gjeve som direkte tilskot til investeringa. Det skal ikkje seinare løvvast auka driftstilskot til leigetakarane som indirekte dekking av investeringa. Husleige for Carte Blanche og BIT Teatergarasjen må i det vidare berre bereknast på grunnlag av reelle forvaltnings-, drifts- og vedlikehaldskostnader, og i samsvar med institusjonane sin faktiske bruk av lokala. Dette prinsippet må og leggast til grunn for berekning av leigekostnader til eventuelle andre brukarar.